



/  
Magne Hettlebakke  
Nøttveitvegen 60  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10096 - 21/81714

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
02.12.2021

## Landbrukssak GBNR 449/1 Nøttveit - Varsel om kontroll av søknad om produksjons- og avløysartilskot

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2021.

I følgje § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2021 - 6 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Kommunen hadde eit prøveprosjekt i august ved hjelp av drone som gjekk over areala på delar av Manger for å gje eit betre overblikk i vekstsesongen. Føretaket er trekt ut til kontroll fordi det søkar om areal og kulturlandskapstilskot på Manger og ein ynskjer eit auka fokus på areal i drift og riktig utfylling av søknad. Det er dei areala som ligg innafor dronefilmen som vert vurdert. Kontrollen vil enten vera stadleg eller/og ved hjelp av dronefilm, avhengig av vêrtilhøva framover. Eit viktig delmål er å vurdere nytte og kvalitet av dronefilm datert 29.08.

### Kontrollen vil omhandla: Gbnr 449/1

- **Om areala er drive aktivt gjennom vekstsesongen ( slått eller beita minst 1 gong og framstår som i drift/stelt)**
- **Det er drive vanleg jordbruksproduksjon. Eks gjødsla, hausta, jordarbeid etc.**
- **Drifta skal ha næringsmessig preg og god agronomisk praksis, skal ikkje skilje seg vesentleg ut frå områda rundt.**

- **Miljøkrav arealtilskot. Inngrep som forringer kulturlandskap og min 2 meter vegetasjonssone til vassdrag. Gras inngår som vegetasjonssone.**

Føremålet med kontroll er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket. Dette for å sikra at rette opplysningar vert ført i søknadsskjema og bonden får det tilskotet ein har rett på. Kontrollen vil gå føre seg i perioden frå 7-23 desember enten stadleg eller ved bruk av dronefilm.

**Kommunen tar kontakt om det vert aktuelt med stadleg kontroll. Du vil få tilsendt svar på kontrollen.**

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan du kontakta underteikna eller dei andre på landbrukskontoret på 56 37 50 00.

Epost: oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Magne Hetlebakke

Nøttveitvegen 60

5936

MANGER